

# BAHÁ'Í-TRUA

EI INNFØRING I BAHÁ'Í-TRUA FOR ELEVAR OG LÆRARAR

---



*«Jorden er kun ett land og menneskeheten dets innbyggere»*

– Bahá'u'lláh

# BAHÁ'Í-TRUA

## EI INNFØRING I BAHÁ'Í-TRUA FOR ELEVAR OG LÆRARAR

### Skriven av

Tuva von Krogh • Kari Eriksen • Houshyar Sabetrasekh  
Herdis Dyvik • Fariba Nikouee • Bjørn Ivar Hubendick

Denne boka er tenkt som ei kjelde for elevar og lærarar som ønskjer å få ei djupare forståing av bahá'í-trua, til dømes i samband med prosjekt eller anna fordjuping. Ho gir ei oversikt over historia til trua, grunnleggjande læresetningar både når det gjeld samfunn og individ, korleis trua er bygd opp administrativt, og visjonen trua har for framtida til menneskeslekta.

© Bahá'í Forlag 2022  
Omsett frå  
bokmålsutgåva frå 2020

ISBN: 978-82-90224-78-8

**Bahá'í**  
**FORLAG**

# Innhald

---

<b>Forord</b> .....	<b>5</b>
<b>Innleiing: Kva er bahá'í-trua?</b> .....	<b>6</b>
<b>Tidslíne: Nokre viktige hendingar</b> .....	<b>7</b>
<b>1. Grunnleggjarane og andre sentrale personar</b> .....	<b>9</b>
Báb (1819–1850) .....	9
Bahá'u'lláh (1817–1892) .....	11
'Abdu'l-Bahá (1844–1921).....	16
Shoghi Effendi (1897–1957) .....	17
<b>2. Bahá'u'lláh si lære</b> .....	<b>18</b>
Gud.....	18
Guds manifestasjon .....	18
Nokre av bahá'í-prinsippa .....	19
Bahá'íane sine heilage skrifter .....	20
<b>3. Nokre læresetningar</b> .....	<b>22</b>
Ein religion utan presteskap .....	22
Levereglar .....	22
Alle må fritt få velje kva dei skal meine og tru .....	22
Bøn og meditasjon .....	23
Faste .....	24
Kjærleik.....	25
Ekteskap .....	26
Fridom i val av kosthald .....	26
Rusmiddel.....	26
Teneste og arbeid.....	27
Menneskesyn .....	27
Sjela og livet etter døden.....	28
Samfunnsengasjement.....	29
Miljø og landbruk .....	31
Likestilling mellom kvinne og mann.....	31
Harmoni mellom religion og vitskap.....	32
Optimistisk framtidssyn.....	32
<b>4. Det sosiale livet i bahá'í-samfunnet</b> .....	<b>33</b>
Nittendagsfesten .....	33
Barneklassar .....	33
Juniorungdomsgrupper .....	34
Studiesirklar.....	34
Tilbedingsmøte.....	35
Økonomi og finansiering .....	35
Ein ny verdsorden.....	36
Rådslaging .....	37
<b>5. Bahá'í-administrasjonen</b> .....	<b>38</b>
Demokratisk valde styrande råd .....	38
Lokale åndelege råd .....	39
Nasjonale åndelege råd .....	40
Rådgjevarar .....	40
Det Universelle Rettferdighetens Hus .....	41
<b>6. Bahá'í-kalender og bahá'í-heilagdag</b> .....	<b>42</b>

Bahá'í-heilagdagur .....	43
<b>7. Bahá'í heilage stader og tempel .....</b>	<b>43</b>
Bahá'í heilage stader .....	43
<b>8. Bahá'í-trua si historie i Noreg .....</b>	<b>46</b>
<b>9. Bahá'í-statistikk .....</b>	<b>48</b>
<b>For vidare informasjon .....</b>	<b>49</b>
Nettressursar .....	49
Skriftleg materiale/bøker .....	49
Nokre filmar og nettstader .....	50
Kontaktadresse .....	50
Sitat frå bahá'í-skriftene .....	50

# Forord

---

Denne boka er skriven for å gje skuleelevar og lærarar ei lett tilgjengeleg kjelde om bahá'í-trua på norsk.

Den nye læreplanen som blei innført frå hausten 2020, er lite konkret. Då blir det i høgare grad opp til skulane, lærarane og elevane å konkretisere innhaldet. Det er to fag som direkte har å gjere med bahá'í-trua: *Læreplan i kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE)* og *Læreplan i religion og etikk* på vidaregåande.

I KRLE kjem bahá'í inn under sekkenemningane «andre verdsreligionar og livssyn», «nyreligiøsitet», «andre religionar og livssyn», «austlege og vestlege religiøse tradisjonar», osv. Det inneber at bahá'í kan vere ein del av alle kompetansemåla, unnateke dei som gjeld berre for kristendommen.

I *Religion og livssyn* kan bahá'í lett bli ein del av dei fleste læreplanmåla.

Bahá'í-trua kan òg gje bidrag til undervisninga ifølge den overordna delen av læreplanen med dei tverrfaglege temaa: «Folkehelse og livsmeistring», «Demokrati og medborgarskap» og «Berekraftig utvikling».

I den nye planen er *djupnelæring* eit nøkkelord. Med denne boka får elevane ei enkel innføring på norsk som gir moglegheit for eit djupare studium av trua. Ho passar og bra for dei som skal lage prosjektarbeid. For den heilt grunnleggande kunnskapen om bahá'í-trua viser vi til innleiinga: «Kva er bahá'í?» og kapittel 1: «Grunnleggjarane og andre sentrale personar».

Dersom du har lyst til å komme med innspel til boka, kan du gjerne ta kontakt via kontaktinformasjon bakarst i boka.

Forfattarane

# Innleiing: Kva er bahá'í-trua?

Bahá'í-trua er ein sjølvstendig religion med meir enn fem millionar tilhengarar over heile verda.

Tilhengarane er kalla bahá'íar og kjem frå alle samfunnslag og kulturar. Grunnprinsippet i bahá'í-trua er einskap, og hovudbodskapen er einskap mellom menneska og verdsfred.

Bahá'í-trua blei grunnlagt på midten av 1800-tallet av Bahá'u'lláh, ein persisk adelsmann frå Teheran i Iran. Bahá'u'lláh sa han var ein ny profet som hadde fått ei openberring frå Gud. Oppgåva hans var å gi menneskeslekta ein ny bodskap om einskap og fred. Han fortalde at det finst berre *ein* Gud og at alle verdsreligionane har vore stadium i den gradvise utviklinga til menneska si. Derfor måtte han gi avkall på eit trygt tilvære og ei høg stilling som minister. I staden levde han eit liv med forfølging og fengsling.

Bahá'í-trua er ikkje ei retning eller ei sekt innan ein annan religion. Ho byggjer på skriftene til Bahá'u'lláh på same måte som til dømes kristendommen og islam byggjer på Bibelen og Koranen.

Bahá'u'lláh lærer oss at menneskeslekta har nådd mogningsalderen, og at no er det mogleg for alle folkeslaga å einast i eit fredeleg, globalt samfunn.

Bahá'í-trua lærer oss også at alle dei store profetane – som Moses, Jesus, Muhammed, Báb og Bahá'u'lláh – er like sanne.

*«Guds profeter er som speil som er opplyst av sannhetens sol»*

Religionane er som kapittel i ei og same bok, meiner bahá'íane. Bahá'í-trua er førebels det siste kapittelet, og trua for vår tid. Plansjen viser korleis profetane og religionane deira følger etter kvarandre.



## Tidslíne: Nokre viktige hendingar

---

20. oktober 1819	Báb blir født i Shiraz, Persia/Iran
20. mars 1844	Bahá'í-kalenderen begynner.
23. mai 1844	Báb erklærer misjonen sin for sin første disippel i Shiraz.
9. juli 1850	Báb blir dømd som kjettar og avretta i Tabriz av eit regiment på 750 soldatar.
August 1852	Bahá'u'lláh blir fengsla i Teheran fordi han støtta saka til Báb. I fengselet får han ei openberring frå Gud om at at han er bodberaren (profeten) for den nye tida.
1852	Mange tusen av Báb sine tilhengjarar blir drepne i ein serie massakrar over heile Persia.
Januar 1853	Bahá'u'lláh blir landsforvist til Bagdad i Irak.
April 1854	Bahá'u'lláh trekker seg tilbake til fjella i Kurdistan i to år.
21. april–1. mai 1863	Bahá'u'lláh erklærer misjonen sin til dei næraste disiplane sine.
3. mai 1863	Bahá'u'lláh blir landsforvist frå Bagdad til Istanbul. Dit kjem han fram etter ei reise på tre månader.
12. desember 1863	Bahá'u'lláh blir igjen forvist til Edirne, nordvest for Istanbul. Der er han i 3 år og skriv brev til herskarane i verda og fortel om kallet sitt.
31. august 1868	Bahá'u'lláh kjem fram til fangebyen Akka i Palestina. Dit blei han forvist av sultanen i Det osmanske riket.
14. juni 1877	Bahá'u'lláh buset seg på landstaden Bahji utanfor Akka.

29. mai 1892	Bahá'u'lláh går bort. Den eldste sonen hans, 'Abdu'l-Bahá, tek over leiinga av bahá'í-trua.
1911–1913	'Abdu'l-Bahá reiser til Europa og Nord-Amerika og kunngr bahá'í-bodskapen om fred og einskap.
28. november 1921	'Abdu'l-Bahá dør i Haifa, Palestina. Han utnemner dottersonen sin, Shoghi Effendi, til å vere beskyttar for bahá'í-trua.
1921–1957	Under leiinga til Shoghi Effendi blir det administrative systemet i bahá'í-trua etablert, og trua spreier seg til dei fleste landa i verda.
4. november 1957	Shoghi Effendi dør i London. Ei gruppe bahá'íar kalla Saka sine Hender, leier trua til 1963.
21. april 1963	Det Universelle Rettferdighetens Hus, den høgsteadministrative leiinga i bahá'í-trua, blir valt for første gang
1978	Den islamske revolusjonen utløyste ei bølge av forfølgingar av bahá'í-samfunn i Iran.
1985	Bahá'í-trua spreier bodskapen: «Løftet om fred i verda» i FN sitt fredsår.
2001	Innviiing av dei 19 terrassane på Karmel-fjellet og etableringa av Bahá'í verdssenter i Haifa, Israel, er nærast komplett.
13. oktober 2017	Det siste kontinentale bahá'í-tempelet blir innvigd i Santiago, Chile, med fleire tusen deltakarar.
21.–22. oktober 2017	Markering av 200-årsdagen for Bahá'u'lláh sin fødselen - feira av bahá'í-samfunn over heile verda.
29.–30. oktober 2019	200-årsmarkeringa for fødselen til Báb blir feira.



# 1. Grunnleggjarane og andre sentrale personar

## Báb (1819–1850)

Báb (namnet tyder Porten) blei fødd 20. oktober 1819 i Shiraz, ein by i tidlegare Persia, no Iran. Faren var kjøpmann, men døydde då Báb var ganske liten. Onkelen sørge for at han fekk undervisning, og Báb lærte veldig raskt. Han var klok og oppmerksam, alltid ærleg og vennleg. Han gifta seg då han var 22 år, og fekk ein son som døydde berre eitt år gammal. Dette var veldig trist for familien, og for å styrke seg og søke trøyst, gjekk Báb opp på taket av huset sitt og sa bønner, mellom anna denne:

*«Finst det nokon som fjernar prøvingar utan Gud?  
Sei: Lova vere Gud! Han er Gud!  
Alle er tenarane hans, og alle held fast ved boda hans!»*

På den tida var det mange i ulike land i aust og vest som venta på at «Den lovede» skulle komme. Mange menneske frå forskjellige religionar som studerte heilage skrifter, hadde funne ut at det snart skulle komme ein person som skulle hjelpe menneska til einskap og fred. Det var denne personen som blei omtala som «Den lovede». Det skulle hende i året 1844, meinte nokon, og vedkommande skulle finnast i Persia. Báb hadde hatt ei openberring som gjorde han merksam på at han var den som skulle opne vegen for «Den lovede» og at han skulle vere forløpar for denne personen. Báb kom med ei openberring frå Gud, og han erklærte at føremålet hans var å førebu menneskja på den neste bodberaren.

Báb – namnet tyder 'Porten' – vart fødd 20. oktober 1819 i Shiraz, ein by i tidlegare Persia

Rommet i huset til Báb i Shiraz, der han erklærte seg som bodberar for ein ny religion.



## Det skjedde 23. mai 1844

Báb stod fram og fortalde folk om det store som skulle skje, og mange lytta til han og følgde han. (Sjå tidsaksen 1844). Dei blei kalla bábíar, og tusenvis blei forfølgde, torturerte og drepne.



Bilde frå veggjen i byen Tabriz, der Báb blei avretta den 9. juli 1850.

Báb blei òg fengsla. Han blei avretta den 9. juli 1850 då 750 soldatar skaut han etter ordre frå dei religiøse leiarane i Tabriz. Báb blei 31 år gammal. Då hadde bodskapen hans spreidd seg over store område, og tilhengjarane blei stadig fleire. Sjølv om mange måtte lide martyrdøden, auka stadig talet på nye bábíar. Ein av desse bábíane var Bahá'u'lláh.

### Báb sitt gravmæle – Haifa, Israel

Báb sitt gravmæle ligg midt i skråninga på Karmelfjellet, omgjeve av vakre terrassar. Tusenvis av pilegrimar og turistar vitjar denne heilage staden kvart år.



## Bahá'u'lláh (1817–1892)

Bahá'u'lláh – namnet hans tyder *Guds Herlegdom* – blei fødd 12. november 1817 i Teheran, Iran. Akkurat som Báb lærte han fort, var alltid gjestfri og vennleg. Han var gåvmild og svært oppteken av rettferd. Folk likte han og samla seg ofte rundt han for å lytte når han snakka. Dei bad han om hjelp og råd. Familien hans var kjend og respektert, og då faren døyde, blei Bahá'u'lláh boden ei stilling som minister ved hoffet til kongen. Han ønskte ikkje denne stillinga, og ein av ministrane sa då: *«Lat han gå sin eigen veg! Han har noko viktigare å gjere. Eg forstår han ikkje, men eg er overtydd om at han er bestemt til noko opphøg med livet sitt»*.

Då Bahá'u'lláh fekk høyre om budskapet til Báb, blei han straks ein tilhengjar av Báb. Det førte til at han blei fengsla. Sidan han kom frå ein høgtstående familie, blei han ikkje drepen, men dei som fengsla han, håpa at han skulle døy i fengselet. Dette fengselet vart kalla «Det svarte holet», eit underjordisk fangehol. Det var ein forferdeleg stad. Kloakken rann ope, og det var tett i tett med fangar som sat lenka saman. Bahá'u'lláh fekk ei lenke på omlag seksti kilo rundt halsen, og han hadde merke etter ho resten av livet.

Medan han sat der, fekk han ei openberring frå Gud. Han hørde ei stemme som sa at han var «Den lovede» som Báb hadde snakka om.

I fire månader sat han i fengsel, og blei sloppen ut 12. januar 1853. Han mista alle eigendelane sine og måtte forlate Persia med familien. Det var vanskeleg å reise på den tida – det var kaldt i fjella og tungt å gå gjennom ørkenen. Dei hadde lite mat og dårlege klede, og nokon måtte gå heile tida. Etter å ha vandra i tre månader, kom dei fram til Bagdad.

Den tida dei var der, kom stadig fleire menneske for å treffe Bahá'u'lláh og lytte til det han fortalde. Etter eit år forlét Bahá'u'lláh Bagdad og drog til fjella i Kurdistan. Der levde han åleine i to år, oppteken av mystikk, meditasjon og bøn.

Medan han var der, tenkte og reflekterte han mykje, og førebudde seg til den store oppgåva han var blitt kalla til. Då han kom tilbake til familie og vener, heldt ryktet om han fram med å spreie seg. Stadig fleire såg på han som den nye, åndelege leiaren sin.

Bahá'u'lláh,  
tyder Guds  
Herlegdom –  
Han kom til verda  
12. november 1817 i  
Teheran, Iran.

I fire månader sat  
Bahá'u'lláh fengsla i  
"Det svarte holet".

I ein hage ved elva Tigris, den 21. april 1863, kunngjorde Bahá'u'lláh at han var «Den lovede» som Báb hadde snakka om.


Det førde til at sjahen og presteskapet i Persia (Iran) blei engstelege for at denne nye rørsla skulle bli for stor, så dei påverka den tyrkiske sultanen i Det osmanske riket til å forvise Bahá'u'lláh frå Bagdad.



Før dei drog, budde Bahá'u'lláh og tilhengjarane hans i telt i ein hage ved elva Tigris. Medan dei var der, frå 21. april til 2. mai 1863, fortalde Bahá'u'lláh venene sine at han var «Den lovede» Báb hadde snakka om. Denne hagen blei seinare kalla Ridvánhagen. Ridván tyder *paradis* på arabisk. Desse tolv dagane, Ridvándagane, blir kvart år feira av bahá'íar over heile verda.

Den 3. mai 1863 forlét Bahá'u'lláh Bagdad for å reise til Istanbul (tidl. Konstantinopel). Ei stor folkemengd møtte opp for å ta avskjed med han. Også lærde og myndigheitspersonar som hadde treft han, kom og ønskte å vise Bahá'u'lláh respekt og ære.

Kartet viser Bahá'u'lláh sine landsforvisingar og fengslingar gjennom 40 år, først frå Teheran til Bagdad i Irak, derifrå til Istanbul, vidare til Edirne og til sist til Akka i det som då, i 1868, var del av Det osmanske riket.



Etter fire månader i Istanbul blei Bahá'u'lláh og følget hans sende til Edirne i Tyrkia (tidlegare Adrianopel). Der fekk dei vere i fem år. Dit kom det stadig fleire folk, lærde, tenestemenn, regjeringsmedlemmar og diplomatar, og desse synte stor interesse for Bahá'u'lláh og bodskapen hans.

Opphaldet i Edirne er ei viktig tid fordi der erklærte han misjonen sin offentleg, både til alle følgjesvennane og til herskarane i verda. Han skreiv mange brev til keisarar, kongar og religiøse leiarar over heile verda for å fortelje kven han var og om starten på ein ny tidsalder. I breva åtvare han om at det i framtida ville komme store forandringar, og han bad leiarane vere rettferdige, unngå krig og heller gå saman i ein felles organisasjon for å etablere fred og fridom i verda. Slik kunne overgangen bli lettare, skreiv han.



I Edirne erklærte Bahá'u'lláh misjonen sin offentleg for første gong.


Akko frå sjøsida. Bahá'u'lláh var fengsla her 1868–1877.

Sjølv om mange følgde Bahá'u'lláh si lære og trudde på ei betre framtid, var det òg mange motstandarar av trua. Dei fekk den tyrkiske regjeringa til å overføre dei landsforviste til Akka, ein berykta fange-by ved kysten av det tidlegare osmanske Palestina, noverande Israel. Akka var eit fengsel for røvarar og mordarar innanfor ein bymur med skitne gater, fulle av kloakk og søppel. Det fanst ikkje reint vatn der.



Sea Gate i Akka, der Bahá'u'lláh kom med følget sitt i 1868.

Den siste delen av reisa, frå Haifa til Akka, var ei kryssing av Akkabukta (no kjent som Haifabukta) på åtte-timar i steikande augustsol. Dottera til Bahá'u'lláh, Bahíyyih Khánum, skildra seinare reisa: «Hetten var overveldende. Vi var plassert i en seilbåt. Ettersom det ikke var noe vind og ikke noe ly for de brennende solstrålene, tilbrakte vi åtte timer i fryktelig elendighet, og til slutt nådde vi muren og porten til fangebyen Akka, målet for vår reise.»



Fengselet i Akka, der Bahá'u'lláh sin familie og tilhengjarane sat i fangenskap. Dei to vindauga lengst til høgre i andre etasje syner cella til Bahá'u'lláh.

Då dei først kom til festninga, fekk fangane eit par rom. Golvet i eitt av romma var dekkja av gjørme, og varmen og fuktråmen, kombinert med stanken i fengselet, var så intens at dottera, Bahíyyih Khanum, svima av. Vatnet frå bassenget på gardsplassen, var så dårleg at ingen kunne drikke det. Dei fekk tre små, svarte og salte brød, som dei seinare fekk lov til å bytte mot to av litt betre kvalitet. Kort tid etter framkomsten blei nesten alle sjuke av malaria og dysenteri.

De første to åra var alle innesperra i fengselet, men etter det fekk dei bu i andre hus i fangebyen. Stadig kom det folk for å treffe Bahá'u'lláh og høyre om den nye trua. Til og med fleire av borgermeistarane i byen og prestar fekk godhug til trua, etter at dei undersøkte læresetningane ho kom med.

Etter kvart vann den moralske haldninga til Bahá'u'lláh beundring og respekt frå folk flest i samfunnet. Dei siste ára av livet sitt budde Bahá'u'lláh i Bahjí, eit herskapshus utanfor Akka som var forlate på grunn av pest. Dette huset fekk bahá'iane først leige og seinare kjøpe.




The Mansion i Bahjí – herskapshuset som blei heimen til Bahá'u'lláh dei siste tolv ára av livet hans. Her enda han fangenskapet sitt og døydde i 1892.

Anerkjenninga av Bahá'u'lláh heldt fram med å vekse. Medan Bahá'u'lláh budde der, openberra han fleire av dei mest kjende verka sine. Bahá'u'lláh døydde i Bahjí den 29. mai 1892. Då var han 74 år gammal.



Gravmælet til Bahá'u'lláh i Bahjí. Gravstaden hans er den heilagaste staden i verda for bahá'iar. Kvar dag vender bahá'iar i alle land seg i bøn i retning mot Bahjí.

## 'Abdu'l-Bahá (1844–1921)



'Abdu'l-Bahá, Bahá'u'lláh sin son, blei fødd den 23. mai 1844. Han var berre åtte år då faren hans blei fengsla første gongen. Etter kvart som han blei eldre, var han den næraste støtta og medarbeidaren til faren. Han var ein sjølvoppofrande og nestekjærleg person. Då mest heile gruppa av bahá'íar som var fengsla i Akka, blei sjuke av tyfus, malaria og dysenteri, var det 'Abdu'l-Bahá som stelte, vaska og mata dei. Han verken kvilte eller tenkte på seg sjølv før han sjølv blei heilt utsliten og sjuk. Han var usjølvisk og audmjuk og alltid til stades for folk som trengde hjelp og råd, både i og utanfor fengselet. Av og til blei han henta ut for å hjelpe til blant befolkninga i Akka. Etter kvart blei han sett opp til og respektert av så mange, at han fekk namnet *Meistaren*.

'Abdu'l-Bahá,  
sonen til  
Bahá'u'lláh.  
1844–1921

'Abdu'l-Bahá hadde ei stor oppgåve med å forklare visjonen til Bahá'u'lláh og skriftene hans for den vestlege verda – og han rettleia og forklarte trua til folk frå Europa og andre land utanfor Midt-Austen. I åra 1911 til 1913 reiste han til Europa, USA og Canada. På reisene sine møtte han bahá'íar som flokka seg rundt han for å få rettleiing for vidare arbeid for trua, og dermed spreidde ho seg raskt i Vesten. Mellom anna blei den første internasjonale bahá'í-kongressen halden frå 19. til 25. april 1915 i San Fransisco, USA.

Då han i 1913 kom tilbake til Midt-Austen frå reisene sine i Europa, og første verdskrig stara i 1914, var han forutsjåande og lagra korn for å kunne brødfø lokalbefolkninga. For denne innsatsen blei han slått til riddar av den britiske regjeringa i 1915.

Den som stod nærast 'Abdu'l-Bahá, var det eldste barnebarnet og dottersonen hans, Shoghi Effendi.



## Shoghi Effendi (1897–1957)

Shoghi Effendi kom til verda medan familien var i Akka, og allereie som barn var han veldig oppofrande ovafor bestefaren sin. Han var ein ivrig og munter gut. Som ungdom reiste han til England for å studere, og han var en dyktig student, som var spesielt interessert i det engelske språket og i vestleg kultur. Medan Shoghi Effendi var i England, døydde 'Abdu'l-Bahá. I bestefaren sitt testamente blei Shoghi Effendi peika ut til å halde fram som etterfølgjaren hans og til fortolkar av læra. Han fekk tittelen *Beskyttar av bahá'í-trua*. Det var viktig at han blei utnemnt til å vere overhovud for trua slik at ho ikkje skulle splittast opp.

På den tida, i 1921, var det 100 000 bahá'íar i verda, dei fleste i Iran og Midtausten –

og nokre i India, Nord-Amerika og Europa. 36 år seinare, då Shoghi Effendi døydde i 1957, var det nesten 400 000 bahá'íar, busette i meir enn 200 land, territorium og koloniar. I Iran var det heile tida fælslege forfølgingar – likevel heldt trua fram med å vekse der òg. Shoghi Effendi skreiv brev, oppmuntra og støtta bahá'íane, samstundes som han forklarte trua si lære og prinsippa i forhold til familieliv, styresettet i verda, økonomi og tilhøvet mellom bahá'í-trua og andre religionar

For å beskytte og administrere bahá'í-trua blei det etter kvart danna lokale, nasjonale åndelege råd og eitt internasjonalt råd.



Shoghi Effendi var det eldste barnebarnet og dottersonen til 'Abdu'l-Bahá. 1897 – 1957

## 2. Bahá'u'lláh si lære

Bahá'í-skriftene forklarer at Gud sin røyndom er utanfor fatteevna til noko levande vesen, sjølv om vi kan finne uttrykk for eigenskapane hans i alle skapte ting.

Slik den fysiske sola skin over verda og er kjelde til alt liv, på same måten er openberringane frå Gud kjelda til åndeleg liv.

### Gud

Gjennom heile historia har menneska vore merksame på tilværet av ei kraft i universet som er større enn mennesket sjølv, og dei har søkt etter denne krafta. Det er brukt forskjellige namn om denne krafta, som har blitt tilbede på forskjellige måtar. Bahá'íane trur det er snakk om ei og same kraft. Bahá'u'lláh fortel at Gud ikkje er mogleg å kjenne i sitt vesen. Dette tyder at vi ikkje skal lage oss tankebilde av Gud, som til dømes tenke oss Gud som ein mann. Generelt kan vi seie at det som er skapt, ikkje kan forstå skaparen sin. Eit bord kan til dømes ikkje forstå naturen til snekkaren. Eksistensen til snekkaren er uforståeleg for dei tinga han lagar. Bahá'u'lláh fortel oss at Gud er skaparen av alle ting, og at grunnen til skapinga av oss, er kjærleik. Han seier:

*«O menneskebarn! Jeg elsket ditt vesens tilblivelse, derfor skapte jeg deg. Elsk da meg, så at jeg kan nevne ditt navn og fylle din sjel med livets ånd.»*

### Guds manifestasjon

Bahá'u'lláh brukar ordet «manifestasjon» om Guds profetar (bodberarar). Profetane er dei utvalde menneska som openberrar Guds ord og vilje for menneska. Å openberre tyder at Gud gjer sin vilje og hensikt for menneska kjent gjennom ein bodberar. Bodberaren er Guds talerøyr og stadfortredar på jorda og bringer Guds ord til menneska. Dei formidlar Guds kjærleik og kunnskap. Bahá'íane trur på Bahá'u'lláh som den nye Guds-manifestasjonen.

*«Vit du med vissbet at alle Guds profeters innerste vesen er ett og det same. Deres enbet er absolutt ...»*

*«Disse helliggjorte speil ... er alle uten unntak talsmenn på jorden for ham som er altets midtpunkt. ... Fra ham utgår deres kunnskap og makt; fra ham er deres herredomme hentet.»*

*«Det lys som disse sjeler utstråler, er årsaken til fremskritt i verden og framgang for dens folk. De er som surdeig som gjennomsyrer den skapte verden og utgjør den besjelende kraft hvorigjennom verdens kunstarter og underverk er blitt frembragt.»*

## Nokre av bahá'í-prinsippa

Her er nokre prinsipp frå læra til Bahá'u'lláh som er sentrale i bahá'í-trua:

**Einskap mellom menneska:** Heile menneskeslekta må sjåast på som ein familie.

**Uavhengig søking etter sanninga:** Alle menneska har rett til å søkje etter sanning, uavhengig av andre (familie, vener, lærarar).

**Einskap mellom religionane:** Alle religionar har eitt felles grunnlag.

**Religionens rolle:** Religionen må danne grunnlaget for einskap og kjærleik.

**Einskap mellom religion og vitskap:** Religion må stemme overeins med vitskap og fornuft.

**Likestilling mellom kvinner og menn:** Mann og kvinne må ha same rettar.

**Avskaffing av fordommar:** Alle fordommar og overtru må fjernast.

**Verdsfred:** Dei åndelege og sosiale lovene Bahá'u'lláh kom med, vil føre til at vi får eit fredeleg verdssamfunn.

**Utdanning for alle:** Utdanning må vere tilgjengeleg for alle og bør òg omfatte positive, åndelege verdiar og moralske haldningar.

**Avskaffing av ekstrem rikdom og fattigdom:** Alle må få del i verdas gode og velferd. Det er nødvendig med ei rettferdig fordeling av ressursane på jorda.

**Internasjonalt hjelpespråk:** Eit internasjonalt hjelpespråk og skriftsystem må utviklast eller veljast blant språka i verda.

**Ei universell verdsforsamling og ein domstol:** Verda må få ei felles øvste forsamling, som skal sørge for at alle land blir behandla rettferdig, og som skal forhindre at det bryt ut krig. I tillegg er det nødvendig med ein verdsdomstol som skal avgjere og løyse stridsemne mellom nasjonane.

Einskapen mellom menneska er kjerneprinsippet i bahá'í-trua

## Bahá'íane sine heilage skrifter

Dei ára Bahá'u'lláh sat i fengsel, skreiv han hundrevis av bøker og skrifter. Verka hans er eineståande av di det er første gang i historia at dei heilage skriftene i ein stor religion er tilgjengelege i si opprinnelige form. Skriftene til Bahá'u'lláh utgjer, saman med det Báb og 'Abdu'l-Bahá har skriva, dei heilage skriftene i bahá'í-trua.

Bahá'u'lláh skreiv mellom anna eit brev til kongane og herskarane i samtida, med bønner, meditasjonar og åndeleg vegleiing og sosiale lover. Før Bahá'u'lláh gjekk bort, utnemnde han sonen sin, 'Abdu'l-Bahá, som den alle bahá'íar skulle vende seg til for å få rettleiing. I tillegg blei han valt som den einaste med rett til å fortolke skriftene til Bahá'u'lláh.

'Abdu'l-Bahá skreiv fleire forklaringar til Bahá'u'lláh sine verk. Originalspråka til de heilage skriftene i bahá'í-trua, er persisk og arabisk, men no er dei omsette til mange andre språk.



Kitáb-i-Aqdas er hovudboka i Bahá'u'lláh si lære.

**Kitáb-i-Aqdas** (Den helligste bok) er hovudboka i læra til Bahá'u'lláh. Han openberra boka i 1873, mens han var fengsla i Akka i Nord-Israel, som på den tida var ein del av Det osmanske riket. Originalspråket i boka er arabisk og ho er sett saman av 190 vers. Ho inneheld levereglar, moralske og sosiale råd, visjonar, reglar om arverett og liknande. Kitáb-i-Aqdas blei omsett til norsk i 2008.

**Kitáb-i-Íqán** er skriven på persisk og tyder Visshetens bok. Bahá'u'lláh skreiv denne boka på to døgn. Ho er ein av hovudnøklane til forståing av Bahá'u'lláh si lære. Boka gjer nokre emne i jødiske, kristne og islamske heilage skrifter både klårare og tydelegare.

Her skriv Bahá'u'lláh at Gud sender profetane sine til forskjellige tider når menneska treng dei som mest, og at formålet med å sende dei, er å inspirere menneska til vidare utvikling, både som individ og som samfunn. Han forklarar at mennesket sitt tilhøve til Gud ikkje blir endra frå tidsalder til tidsalder, men blir forklart på forskjellige måtar ved hjelp av forskjellige profetar. Den sosiale delen av religionen forandrar seg derimot i kvar tidsalder fordi livsvilkåra for menneska endrar seg over tid.

**De skjulte ord** er visdomsord openberra av Bahá'u'lláh. Boka er skriven både på persisk og arabisk og er sett saman av 153 vers. Dei er formulerte slik at Gud si stemme talar direkte til menneska sine hjarte.

Desse versa er frå boka 'De skjulte ord':

*«O åndens sønn!*

*Mitt første råd er dette: ha et rent, godt og strålende hjerte, så at du får eie et urgammelt herredømme, uforjengelig og eviggvarende.»*

*«O støvets sønn!»*

*Sannelig sier jeg deg: mest forsømmelig blant alle mennesker er den som hengir seg til tom ordstrid og søker å opphøye seg over sin bror. O brødre: la gjerninger og ikke ord være deres pryd.»*

### **Bahá'í-bøner**

Báb, Bahá'u'lláh og 'Abdu'l-Bahá skreiv mange vakre bøner. I dag er desse bønene omsette til fleire språk og er lesne av bahá'iar kvar dag. Bahá'iar er oppmuntra til å lese bøn og fordjupe seg i heilage skrifter, morgon og kveld.

*«Bønn er sjelens essensielle åndelige samtale med sin skaper, direkte og uten mellomledd. Den er den åndelige føde som nærer åndens liv. Lik morgenduggen gir den hjertet friskhet og renser det, idet den lutrer det for det anmassende selvets tilknytning. Den er en ild som brenner slørene bort og et lys som leder til det osean som møtet med den allmektige er.»*

(Det Universelle Rettferdighetens Hus av 18. desember 2014.)

Ei bahá'í-bøn:

*«O Herre! Gjør det mulig for alle jordens folkeslag å oppnå adgang til din tros paradisi, slik at intet skapt vesen må bli igjen utenfor ditt velbehags grenser.*

*Fra uminnelige tider har du vært mektig til å gjøre hva deg behager og suveren over hva du enn ønsker.»*

– Báb

**'Abdu'l-Bahás visdom** er ei samling av inspirerende og oppløftande talar, som oftast blei haldne uformelt og for små forsamlingar under besøka hans i Paris og London i 1912 og 1913.



Visdomsord openberra av Bahá'u'lláh.

## 3. Nokre læresetningar

### Ein religion utan presteskap

Bahá'í-samfunnet har ingen prestar. I tidlegare tider trengte ein prestar til å forklåre heilage skrifter for vanlege menneske. I vår tid ligg fokus på at alle skal kunne lese og undersøke religiøse læresetningar sjølve. Kvart einskilt menneske har det fulle ansvaret for si eiga tru og sine egne handlingar, uavhengig av andre. Når det gjeld religiøse seremoniar som vigslar og gravferder, så blir desse utførte av egne bahá'í-råd.

### Levereglar

Menneskelege samfunn må ha eit åndeleg verdigrunnlag for å kunne vekse og utviklast til gode samfunn, meiner bahá'íane. Moralske verdiar og etiske levereglar må difor styrkast og haldast ved like. Det er naudsynt med reglar for livsførsel, som t.d. ei felles oppfatning av kva som er rett og galt, godt og vondt. Bahá'í-trua fremjar ein høg moralsk og etisk standard.

### Alle må fritt få velje kva dei skal meine og tru

«Uavhengig søking etter sanninga» er som nemnt eit viktig prinsipp i bahá'í-trua. Difor må ingen utsetjast for meiningspress og bli fortalt kva dei skal meine og tru. Dette handlar om rettferd. Bahá'u'lláh forklarar nemleg at rettferd er ei sjelsevne som gjer at kvart einskilt menneske er i stand til å skilje mellom sant og usant:

*«Høyst av alt elsker jeg rettferdighet ... Ved dens hjelp skal du se med dine egne øyne og ikke gjennom andres øyne, og få visshet ved din egen kunnskap og ikke gjennom din nestes kunnskap.»*

– Bahá'u'lláh, *De skjulte ord*

Bahá'u'lláh ber oss ikkje følgje han blindt; han seier i ei av tavlene sine at Gud har gitt mennesket eit sinn som fungerer som ei lykt og leier det til sanninga.

## Bøn og meditasjon

Bøn og meditasjon er viktig for ein bahá'í for å kunne utvikle seg som menneske. Bøner skrivne av Báb, Bahá'u'lláh og 'Abdu'l-Bahá, inneheld symbol og bilde som hever ånda til mennesket mot det guddommelege og det mystiske. Ånda blir opplyst, utviklar seg og blir styrka, og mennesket får kjennskap til ting det ikkje visste frå før. Gjennom bøn og meditasjon kan ein finne løysingar på problema sine.



Barn samla til åndelig samvær i East Kanchanpur, Nepal.

Det er inga fastlagt form for meditasjon, og kvar einskild person kan finne sin eigen måte å meditere på. Bahá'u'lláh seier at mennesket bør lære å elske Gud og ha samband med det guddommelege gjennom bøn, på same måte som ein som er glad i nokon, ville ønske å snakke med den ein elskar. Han oppmodar alle til å meditere kvar dag, særleg om kvelden, for å reflektere over gjerningar gjennom dagen, slik at ein kan lære av handlingane sine.

Bahá'íane skal og seie fram ei av tre obligatoriske bøner dagleg, der ein vaskar hender og ansikt og vender seg mot gravstaden til Bahá'u'lláh, Bahjí i Akka. Den kortaste av desse bønene, er tre setningar. Dei seier mykje om tilhøvet mellom Gud og mennesket.

*«Jeg bevitner, o min Gud, at du har skapt meg for å kjenne deg og tilbe deg. Jeg vitner i denne stund om min maktesløshet og om din styrke, om min fattigdom og om din rikdom.*

*Der er ingen annen Gud enn deg, hjelpere i fare, den selvbestående.»* – Bahá'u'lláh



Ei samkome med bøn og song i South Tarawa, Kiribati.

Báb, Bahá'u'lláh og 'Abdu'l-Bahá skreiv mange vakre bøner. Desse bønene er omsette til mange av språka i verda og blir lesne av bahá'íar kvar dag.

Eit døme på ei bahá'í-bøn for born:



Barn og vaksne samla til bøn og fordjuping i Austin, USA.

*«Å Gud! Opplær disse barn. Disse barn er plantene i din frukthage, blomstene på din eng, rosene i din hage. La ditt regn falle på dem; la virkelighetens sol skinne på dem med din kjærlyghet. La din bris forfriske dem så at de kan oppøves, vokse og utvikles og fremstå i den største skjønnhet. Du er giveren. Du er den medlidende.»*

– 'Abdu'l-Bahá

Ei bøn for læking:

*«Ditt navn er min helbredelse, o min Gud, og ihukommelse av deg er mitt legemiddel. Å være deg nær er mitt håp, og kjærlyghet til deg er min ledsager. Din barmhjertighet mot meg er min helbredelse og min hjelp både i denne verden og i den kommende verden. Sannelig, du er den overmåte gavmilde, den allvitende, den allvise.»*

– Bahá'u'lláh

## Faste

Dei fleste religionar i verda bruker faste som eit middel til åndeleg utvikling og lausriving frå det verdslege. Bahá'íane fastar òg. Kvart år begynner fasta den 2. mars om morgonen og varer til kvelden den 20. mars.

Dei som er på reise, sjuke, gravide eller dei som ammer, er ikkje bundne av fasta, og heller ikkje etter fylte 70 år. Når ein fastar, avstår ein frå mat, drikke og røyking frå soloppgang til solnedgang, eller frå kl. 06:00 til kl. 18:00.



## Kjærleik

‘Abdu’l-Bahá seier:

*«I tilværelsens verden finnes det i sannhet ingen større kraft enn kjærlighetens kraft. Når menneskets hjerte gløder av kjærlighetens flamme, er det beredt til å ofre alt – til og med livet.»*


*«Når vi betrakter forholdene i universet, skjønner vi at kjærlighet er den akse som livet dreier seg om.»*

Kjærleik er sjølv siktemålet med eksistensen vår.

*«O menneskebarn! Jeg elsket ditt vesens tilblivelse, derfor skapte jeg deg. Elsk da meg, så at jeg kan nevne ditt navn og fylle din sjel med livets ånd.»*

*«Virkelig kjærlighet er umulig med mindre man vender sitt ansikt mot Gud og blir tiltrukket av hans skjønnhet.»*

– Bahá'u'lláh



Fontene på ein av terrassane til Báb sitt gravmæle.

Religion bør vere årsak til kjærleik og godhug. Kjærleik er ei sterk kraft.

*«Den gir liv til de livløse, tenner en flamme i det hjerte som er kaldt og bringer håp til de sorgmodige hjerter. Et hjerte som gløder med kjærlighetens flamme, er villig til å ofre alt, selv sitt eget liv». Alle religionar seier at Gud er kjærleik, og kjærleiksbodskaperen er at vi skal elske Gud og elske kvarandre. Bahá'u'lláh seier følgande i ei av skriftene sine: «Du skal vite at i enhver tidsalder, enhver religionsepoke, blir alle guddommelige bestemmelser forandret og omformet i overensstemmelse med tidens behov, alle unntagen kjærlighetens lov, som er som en evig, flytende kilde som aldri underkastes forandringer.»*

## Ekteskap

Ekteskapet mellom mann og kvinne blir sett på som sjølv fundamentet for ein berekraftig sivilisasjon. I skriftene står det at ekteskapet er «ei festning for velvære og frelse».

Et vellykka ekteskap krev og utvikling av gode eigenskapar og sosiale ferdigheiter. Å førebu seg for eit livslangt forhold er ei viktig oppgåve for unge menneske, både når det gjeld å finne ein passande partner og for forståinga av kva som krevjast i eit samliv.

*«Bahá'í ekteskap er forening og inderlig hengivenhet mellom de to parter. De må imidlertid utvise den største omhu og lære hverandres karakter å kjenne. Dette evige bånd bør stadfestes av en fast pakt, og hensikten bør være å frembringe harmoni, vennskap og enhet og å oppnå evig liv.»*

– Bahá'u'lláh

*«Alle mennesker er blitt skapt til å fremme en evig fremadskridende sivilisasjon. ... De dyder som passer menneskets verdighet er overbærenhet, nåde, omtanke og kjærlighet til alle folk og slekter på jorden.»*

– Bahá'u'lláh

## Fridom i val av kosthald

Bahá'íane ser på måtehald som eit grunnlag for velstand. Det er ingen spesielle lover eller forbod om å ete animalsk eller vegetarisk mat, men det blir nemnt i skriftene at føda vår i framtida i hovudsak vil bli det som gror fram av jorda.

## Rusmiddel

Bahá'íane held seg frå å bruke alkohol og narkotiske stoff, med mindre dei er føreskrivne av medisinske grunnar. Ei av dei viktigaste årsakene til dette, er at alkohol og narkotiske stoff sløvar sinnet, og fordi desse stoffa har sterke negative ringverknadar i samfunnet.

## Teneste og arbeid

Medlemmane av bahá'í-samfunnet er opptatte av sosial og økonomisk utvikling. For å bidra til slik utvikling i verda, er det sett i gong prosjekt på stadar over heile jorda der det er store bahá'í-samfunn. Døme på dette er skular med utdanning for alle og med fokus på jenter (der desse er nedprioriterte), skreddar-kurs, treplantingsprosjekt, reinsing av drikkevatt, fiskeoppdrett,



hjelpetiltak for fangar for å komme tilbake til samfunnet og støtte for å utvikle kunst, musikk og dans, m.m.

Å gjere noko praktisk for ei betre verd for alle folk, uansett kor dei bur, uansett kva for tru dei har eller kultur dei er ein del av, blir rekna som teneste. Å tene er det høgaste idealet for ein bahá'í. Alt ein føretek seg, skal vere i teneste for Gud, menneska og kvarandre. Bahá'u'lláh seier:

*«Den er i sannhet et menneske som i dag stiller seg til tjeneste for hele menneskeheten.»*

I bahá'í-trua blir musikk, kunst, vitskap og alt handverk rekna som tilbeding. Alt arbeid og alt slit eit menneske gjer heilhjarta, er tilbeding når det blir gjort med ein vilje til å tene.

## Menneskesyn

Mennesket er først og fremst eit åndeleg vesen. Alle er heilage og ukrenkelege med store talent og evner. Bahá'u'lláh slår fast:

*«Dere er mitt skattkammer, for i dere har jeg nedlagt mine mysteriers perler og min kunnskaps edelstener.»*

Kvinner lærer om jordbruk ved Barli Development Institute for Rural Women i Indore, India.

Åndelege eigenskapar blomstrar etter kvart som kjærleik og kunnskap veks i sinna våre og hjarta.

Kvart menneske har ei udødeleg, rasjonell sjel som passerar gjennom denne verda ei kort tid og held fram i all æva med å utvikle seg mot Gud.

Bahá'í-trua understrekar at føremålet med livet er å utvikle seg åndeleg:

*«Vi kan oppnå den (lykken) ved å tenke mindre på de materielle ting og mer på de åndelige. Jo lenger vi fjerner oss fra de første, jo nærmere er vi de siste. Valget beror på oss.»*

*«Glede er av to slag: fysisk og åndelig. Den fysiske glede er begrenset; den varer i det lengste én dag, én måned, ett år. Åndelig glede er evig og uutgrunnelig.»*

Alle menneske er likeverdige, og difor må kvinner og menn ha like rettar. Fargen på huda er utan betydning, for farge er naturen sin tilfeldighet. Ånda til mennesket og intelligensen er vesentleg. Eigenskapar som ærlegdom, pålitelegheit, sosial rettferd og god moral er framheva i bahá'í-skriftene og er nødvendige for ei god utvikling for alle menneske og for samfunnet. Bahá'u'lláh gjentek og forsterkar det som tidlegare religionar legg vekt på om korleis vi respekterer og er mot andre menneske. Det inneber å vise ekte kjærleik og omsorg, heller enn falskleik. Spesielt dårlege eigenskapar er baktaling og det å finne feil hos andre. Alle har noko godt i seg, og når ein viser godheit mot ein annan, vil den andre og kunne finne det gode i seg sjølv.

Bahá'u'lláh seier:

*«O dere høyt elskede! Enhetens tabernakel er reist: betrakt ikke hverandre som fremmede. Dere er fruktene på ett tre og bladene på én gren.»*

## Sjela og livet etter døden

Bahá'í-forståinga av livet etter døden er ein viktig del av læra om sjela sin natur og hensikta med livet på jorda. Alle menneske har ei sjel. Sjela er ikkje eit organ i kroppen, men har ein forbindelse til kroppen.

*«Fra det øyeblikket sjelen forlater legemet og kommer til den himmelske verden, utvikler den seg åndelig ...»*

Når kroppen døyr, blir sjela fridd frå banda til den fysiske kroppen og den materielle verda. Sjela held fram med å utvikle seg i den åndelege verda, som er tid- og stadlaus, og ei forlenging av vårt eige univers og ikkje nokon fysisk fjerntliggande stad.

Overgangen til det neste livet er fylt av glede. Den neste verda er like forskjellig frå den verda vi lever i no, som denne er frå barnet si verd medan det enno er i magen til mor si.

Bahá'íane trur ikkje på himmel og helvete som fysiske stadar, men som skildringar av tilstandar. Himmelen blir skildra som ein tilstand av nærleik til Gud, og helvete som ein tilstand av å vere fjern frå Gud. Nøkkelen til åndeleg framgang er å følge den vegen som Guds profetar har gitt oss i skriftene våre. Men framleis er det neste livet eit mysterium.

Bahá'u'lláh seier:

*«Og nå angående ditt spørsmål vedrørende menneskets sjel og dens overlevelse etter døden. Vit du for visst at sjelen etter sin adskillelse fra legemet vil fortsette å gjøre fremskritt inntil den når Guds nærvær, i en stilling og tilstand som verken tidsaldres og århundrers gang eller denne verdens forandringer og tilfældigheter kan endre. Den vil vedvare like lenge som Guds rike, hans herredømme, hans velde og makt vil vedvare. Den vil tilkjennegi Guds tegn og egenskaper og åpenbare hans miskunn og gavmildhet.»*

## Samfunnsengasjement

Bahá'íar er opptekne av at tro må følgast opp av handling;

*«Gjør ditt beste hver dag, slik at dine gjerninger kan bli til vakre bøtter.» «Hvis handling erstattet ordene, ville verdens elendighet snart forandres til velvære.»*



Ei gruppe ungdommar i Mwinilunga, Zambia, førebur seg til eit sosialt utviklingsprosjekt i lokalsamfunnet sitt.

Vi må altså vere opptatte av livet her og no, bry oss om korleis andre har det og bidra til det beste for samfunnet rundt oss.

Bahá'u'lláh seier:

*«Vær omhyggelig oppmerksom på behovene i tiden som dere lever i, og la deres overlegninger dreie seg om dens påtrengende behov og fornødenheter.»*

*«Hvor fortreffelig og respektabelt er ikke det menneske som reiser seg for å ta sitt ansvar: hvor ynkelig og foraktelig er det ikke, om det lukker sine øyne for samfunnets velferd og sløser sitt dyrebare liv på å forfølge egne selviske interesser og personlige fordeler.»*

Det internasjonale bahá'í-samfunnet har i alle år hatt rådgivande status i FN og engasjerer seg i ei rekke aktuelle spørsmål. På verdsbasis driv bahá'iane tusenvis av sosial-økonomiske prosjekt. Bahá'iane legg stor vekt på at utviklingsprosjekt må skje på grasrotnivå og involvere lokalbefolkninga. Mange stadar er juniorungdomsgrupper pådrivarar for sosialt engasjement som ein del av konseptet med *Ándeleg styrking av juniorungdom*, eit tilbod til 12–15-åringar. Dei lærer seg å lese si eiga verkelegheit med kritiske blikk, finne ut kva som er utfordringar lokalt og prøver å fremje endring med små, konkrete prosjekt.

## Verdsborgarskap

Det er eit viktig ideal for bahá'iar å fjerne alle former for fordommar. Derfor gjer dei og sitt beste for å bryte ned rasistiske og nasjonalistiske haldningar. *«Jorden er kun ett land og menneskebeten dets innbyggerer»* er eitt av dei sitata til Bahá'u'lláh som er mest kjent. Det inneber at kvar bahá'í prøver å tenke, føle og handle som ein verdsborgar; - sjå på heile verda som eitt land og alle menneska som likeverdige, arbeide for internasjonal rettferd, til dømes med å trygge materiell velferd for alle, fremje utjamning mellom fattige og rike og sikre utdanning til alle. Bahá'u'lláh seier:

*«La intet menneske berømme seg av å elske sitt land, la det heller berømme seg av å elske hele menneskebeten.»*

*«Den er virkelig et menneske som i dag vier seg til hele menneskebetens tjeneste.»*

*«La deres syn favne verden heller enn å innskrenke seg til dere selv.»*

Jorda er berre eitt land  
der menneska er  
innbyggjarane.

## Miljø og landbruk

Bahá'íar er opptekne av å fremje miljøbevisstheit og bidra til eit berekraftig samfunn i økologisk balanse. Det engasjementet er ein logisk konsekvens av at naturen blir sett på som en refleksjon av ein guddommeleg røyndom, at heile verda må bli sett



på som ein heilskap og at mennesket har eit forvaltaransvar av naturen som krev medvit, omtanke for alt liv og praktisk handling. I forvaltninga av naturen slår Bahá'u'lláh fast at «Jordbruk må vies særleg oppmerksomhet.»

«Landbruk er samfunnets grunnleggende basis» og «bondestanden og landarbeidere overgår de andre samfunnsklassene i betydningen av deres tjeneste», seier 'Abdu'l-Bahá. Han beskriv landbruk som ein «edel vitenskap» og at dens praksis er ei «handling av tilbedelse».

## Likestilling mellom kvinne og mann

Bahá'í-trua har arbeidd for likestilling mellom kvinner og menn heilt sidan 1844, då Báb forkynte trua si i eit ekstremt kjønnsdelt Persia og Bahá'í-samfunnet oppretta, sensasjonelt nok, dei første skulane for jenter i dette landet på slutten av 1800-tallet. Den første kvinna som vart bahá'í, den berømte poeten Táhirih, skapte ein revolusjon då ho så tidleg som i 1848 fjerna sløret sitt i nærvær av framande menn slik at dei såg andletet hennar. Det var heilt uakseptabelt for mange og enda også med at ho leid martyrdøden for trua si. Med høg stemme sa ho: «*Ingen kan stoppe kvinnenens frigjøring!*» før ho blei kvelt med sitt eige slør og lekamen hennar blei kasta i ein grunn brønn.

Ein forsøksåker ved Universitetet for Rural Well-Being i Jamundi-Robles, Colombia.



«Verda til menneska har to venger – den eine er kvinnene, og den andre er mennene.»

«Menneskebetens verden har to vinger – den ene er kvinnene, og den andre er mennene. Ikke før begge vingene er utviklet i samme grad, kan fuglene fly. Skulle en vinge forbli svak, er flukt umulig. Ikke før kvinnenes verden stilles likt med mennenes verden i tilegnelse av dyder og fullkommenheter, kan fremgang og velstand bli oppnådd slik de bør.»

– ‘Abdu’l-Bahá

## Harmoni mellom religion og vitenskap

Sanninga er ei og kan ikkje splittast, slår bahá'í-skriftene fast. Det kan altså ikkje vere nokon motsetning mellom religiøs sanning og vitskapeleg sanning. «Det som er i overenstemmelse med vitenskap, er også i overenstemmelse med religion. ... Religion og vitenskap går hånd i hånd, og enhver religion som er mot vitenskapen, er ikkje sannhet.»

«Enhver religiøs tro som ikkje stemmer overens med vitenskapelige bevis, er overtro.» Bahá'í-skriftene seier at det er fire kjelder til sanning, og at alle bør brukast for å auke forståinga vår; sansane, intellektet, intuisjonen og dei heilage skriftene i religionane.

## Optimistisk framtidssyn

Dei store problema med vald, krig, undertrykking, miljøødelegging, rasisme (for å nemne noko) vil forsvinne, meiner bahá'íane. Men dei er ikkje naive. Vegene til global fred og rettferd er lang: «Menneskebetens nåværende tilstand, ja, til og med dens nærmeste fremtid er mørk, smertelig mørk. Men dens fjerne fremtid er strålende, herlig strålende – så strålende at intet øye kan forestille seg det.»

«Krig vil vike plassen for fred, fiendskap vil beseires av kjærlighet, årsakene til splid og strid vil bli fullstendig fjernet.»

«Dette er Dagen da Guds ypperste gaver er blitt utøst over menneskene. Dagen da hans mektigste nåde er blitt inngytt i alle skapte ting.»

«Et nytt liv rører seg i denne tidsalder i alle folkeslag på jorden.»

Menneskeslekta har gått igjennom fasar som kan samanliknast med spedbarnstid, barndom og pubertet. No står ho på terskelen til ein alder med kollektiv mognad. Kjenneteiknet på ein slik mognad er foreinte menneske i ein global sivilisasjon.



## 4. Det sosiale livet i bahá'í-samfunnet

### Nittendagsfesten

Nittendagsfesten er samlingspunktet for bahá'í-samfunn over heile verda. Bahá'íane kjem saman kvar nittande dag for å be, rådslå om aktivitetane sine og å styrke vennsksbands. Både vaksne og born deltek. Det skjer kvar nittande dag for å markere inngangen til ein ny bahá'í-månad (Sjå avsnittet om bahá'í-kalenderen, kap. 6).

Festen består av tre delar; ein åndeleg del kor ein les høgt frå bahá'í-skriftene, ein administrativ del med rådslaging om aktuelle saker og ein sosial del med servering og sosialt samvære. Den administrative delen gir bahá'íane i lokalsamfunnet ein sjanse til å uttale seg om aktivitetar i samfunnet og gjer samkoma til ein demokratisk arena på grasrotnivå. Føremålet med nittendagsfesten er å fremme vennskap og einskap blant bahá'íane i samfunnet.

### Barneklassar

Ein vanleg aktivitet i eit bahá'í-samfunn er klasser for moralsk og åndeleg opplæring av barn. Desse klassene er opne for alle born, uansett tru og bakgrunn. Hensikten med barneklassene er å vekke og å utvikle den åndelege naturen hos kvart barn. Barneklassa begynner med at barna sjølve seier fram bønner. Så lærer dei sitat frå bahá'í-skriftene om åndelege eigenskapar og syng songar.

Historier og forteljingar gir eksempel på korleis menneske brukar desse åndelege eigenskapane. Vidare er det leik, der barna samarbeider med kvarandre. Dei arbeider òg med ein formingsaktivitet som tek utgangspunkt i det åndelege temaet for dagen, som t.d. tillit og kjærleik til Gud, vennlegheit, gjev mildskap, sannferdighet, ærlegdom og andre gode eigenskapar.



Barneklasse som øver på å seie fram bøn. Austin, USA.

## Juniorungdomsgrupper



Ungdommar på Nordisk Bahá'í Ungdomskonferanse i Drammen.

Mange lokale bahá'í-samfunn har bahá'í-inspirerte fritids-tilbod for ungdom i alderen 12–15 år. Opplegg blir tilbydd over heile verda og kallast *Ándeleg styrking av juniorungdom*. Disse er i likskap med barneklassene opne for alle, uansett bakgrunn, og fokuserer på utviklinga av ándelege eigenskapar, intellektuelle

ferdigheiter og evne til teneste til beste for fellesskapet. Målet med ungdomsgruppene er å styrke sjølvbildet og gi ungdommane den kunnskap og dei ferdigheitene dei treng for å kunne tene samfunnet og menneska. Ungdommane deltek i rådslaging/konsultasjon, drama, studiar av bahá'í-inspirerte tekstar, formingsaktivitetar, sport og tenesteaktiviteter for lokalsamfunnet. Tenesteaktiviteter kan vere alt mogleg som juniorungdommane sjølve blir samde om, til dømes å plukke søppel, støtte rettleiarar i barneklasser og til å hjelpe eldre i nabolaget.

## Studiesirklar



Bahá'í studiesirkel, Preha Vihear, Cambodia.

Bahá'í-samfunnet tilbyr òg kurs for eldre ungdommar og vaksne, opne for alle. Eitt av kursa, «Refleksjoner over ándens liv», handlar om ándeleg utvikling og praktisk bruk av ándelege verdjar. Kurset er basert på skriftene i bahá'í-trua og tek for seg emne som *meininga med livet, sjela sin natur, positive verdjar og etiske framferd, den ándelege dynamikken i bóna, perspektiv på liv og død og mennesket sitt samband med Gud*.

Kursa består til no av ti hefte som handlar om forskjellige emne, og er under utvikling.

Siktemålet er ándeleg bevisstheit og sosialt engasjement for å fremje ein fredeleg og rettferdig verdsorden.

## Tilbedingsmøte

Ein annan vanleg aktivitet i lokale bahá'í-samfunn er regelmessige samkomer med bøn, meditasjon og skriftlesing, oftast haldne heime hos bahá'íar. Samkomene går føre seg utan bestemte ritual. Deltakarane les til dømes skrifter frå forskjellige religionar for å få inspirasjon frå Guds ord. Tilbedingsmøta er opne for alle, uansett livssyn og bakgrunn.



## Økonomi og finansiering

Bahá'í-samfunnet sitt behov for pengar blir dekkja gjennom lokale, nasjonale og internasjonale fond, basert på frivillige bidrag frå medlemmane i trua. I Noreg får Bahá'í-samfunnet tilskot både frå stat og kommune, i form av støtte gitt til alle religiøse samfunn. Bahá'í-samfunnet tar elles ikkje imot økonomisk støtte frå andre.

Bahá'íane kan gi bidrag til kva føremål som helst, og ingen får vite kor mykje den einskilde bahá'íen bidreg med. Bahá'íane sitt arbeid har som mål å foreine heile den menneskelege rasen, og bygge ein verdssivilisasjon med økonomisk rettferd. Bahá'íane arbeider for ei mindre egoistisk og meir åndeleg innstilling til ressursane på kloden, der alle ressursar i industri og landbruk blir sett på som menneskeslekta sitt felleseige.

Eit utandørs  
tilbedings-  
møte på  
Fjellhamar.

## Ein ny verdsorden

Bahá'íane meiner at det er behov for ein ny verdsorden for å sikre fred og rettferd. Prinsippet vil vere einskap i mangfald, at kvar nasjon har sitt sjølvstende og at etniske minoritetar blir sikra rettar og moglegheiter til å utvikle eigenarten sin. Samstundes vil kvart land inngå i forpliktande, overnasjonalt samarbeid og gi frå seg nasjonal suverenitet på einskilde område for å fremje globale fellesinteresser. Bahá'íane ser for seg at landa i verda – på friviljug basis – vil bli så foreinte at det etter kvart vil bli oppretta ei verdsregjering, eit verdsparlament, ein verdsdomstol og ein felles økonomi til beste for heile menneskeslekta.



I tillegg vil det utviklast eit felles verdsspråk ved sida av morsmålet, noko som gjer kommunikasjon lettare og fører til betre forståing mellom nasjonane.

Bahai International Community (BIC) deltek i drøftingane om kvinner sine rettar under FN sin Kvinnekommissjon (UN Commission on the Status of Women).

*«En forenet menneskebet kjennetegner det stadium som det menneskelige samfunn nå nærmer seg. Enhet innen familien, stammen, bystaten og nasjonen er blitt prøvd i nevnte rekkefølge og er blitt oppnådd. Verdensenhet er det mål som den lidende menneskebeten nå streber etter.»*

– Shoghi Effendi

‘Abdu’l-Bahá seier:

*«Noen av tilværelsens skapninger kan leve alene for seg selv. Et tre, for eksempel, kan leve uten hjelp fra andre trær, og uten samarbeid med dem. Noen dyr er isolert og lever adskilt fra andre av sin art. Men dette er umulig for mennesket. I dets liv og dets tilværelse er samarbeid og samkvem helt nødvendig. Ved å omgås og møtes finner vi lykke og utvikler oss, enkeltvis og kollektivt.»*

## Rådslaging

Bahá'í-trua ser på rådslaging som eit fundament for ein ny verdsorden. Rådslaging er eit viktig verktøy for eit godt samarbeid. Alle må respektere kvarandre og lære å arbeide saman i harmoni for eit felles ideal. I ei rådslaging skal alle få høve til å uttrykke meninga si. Ein prøver å oppnå ei løysing som alle kan einast om. Viss ein ikkje blir heilt einige i ei sak, tek ein ei avstemming. Eit prinsipp i bahá'í-trua er at når avgjerda er tatt, følgjer alle lojalt opp vedtaket for å ivareta einskapen.



Eit rådslagningsmøte på bahá'í-senteret i Oslo.

Rådslaging er ein framgangsmåte for å finne rettferdige løysingar på dei behova og problema menneske har, og bruke desse løysingane i ei ånd av teneste.

Rådslaging hjelper oss å søke etter sanninga samtidig som metoden gjer at deltakarane oppnår ein stadig aukande einskap.

**Rådslaging er ein gruppebasert metode der føremålet er å:**

- Løyse problem.
- Treffe avgjerder – finne nye svar.
- Finne sanning og skape einskap – finne den beste løysinga som tener heilskapen.
- Bygge ut kjensla av å høyre til (identitet) og samarbeid – vere med-skaparar i verkeleggjeringa av felles mål.
- Sikre einskap og samle kraft bak alle avgjerder– og felles ansvar for gjennomføring.
- Sikre universell deltaking – involvere og engasjere alle.
- Frigjere kreativitet og handlekraft.
- Sørge for rettferd.

Rådslaging er fundament for ein ny verdsorden.

*«Mennesket må rådslå om alle saker, enten de er store eller små, slik at alle kan bli bevisst på hva som er bra. Rådslaging gir innsikt i ting, og muliggjør fordypning i spørsmål som er ukjente. Sannhetens lys skinner fra ansiktene til dem som holder på med rådslaging.»*

– ‘Abdu’l-Bahá

*«Løs alle saker, både store og små, gjennom rådslaging. Ta ikke noe viktig steg i dine personlige anliggender uten foregående rådslaging. Bry dere med hverandre. Hjelp til med hverandres prosjekter og planer. Bry dere om hverandre. Ikke la noen i hele landet være trengende. Bli venner med hverandre helt til dere blir som én eneste kropp alle sammen.»*

– ‘Abdu’l-Bahá

## 5. Bahá'í-administrasjonen

Bahá'í-administrasjonen har grunnlaget sitt i dei heilage skriftene i trua, og blei fortolka og utvikla vidare av ‘Abdu’l-Bahá og Shoghi Effendi.

### Demokratisk valde styrande råd

Det verdsomspennande bahá'í-samfunnet har oppretta eit særlege system av globalt sjølvstyre. Systemet består av valde råd på globalt, nasjonalt og lokalt plan. Dessutan er nokre særleg trufaste medlemmar peika ut til spesielle oppgåver med å breie ut og beskytte bahá'í-trua.

Valprosessen som blir følgd, er slik: Ingen nominasjon er tillate, valkampanjar er forbodne, stemmegivinga er hemmeleg, moralsk karakter og praktiske evner vektleggjast, og dei mennene og kvinnene som får flest stemmer, blir valde. Alle bahá'íar over 21 år er valbare. Det er altså ingen enkeltpersonar som står over andre i makt og myndigheit. Det finst ikkje noko presteskap i bahá'í-trua.

Avgjerdsprosessen som alle organ i systemet nyttar i arbeidet sitt, er rådslaging. Rådslaginga bidrar til samarbeid fordi ho skapar semje på ein måte som einer ulike partar, i staden for å splitte dei. Rådslaging oppmuntrar til meiningsmangfald og reduserer maktkampen i prosessen om å komme fram til einigheit i avgjerder.

## Lokale åndelege råd

På kvar stad der det bur ni bahá'íar eller fleire som har nådd ein alder av 21 år, vert det danna eit lokalt åndeleg råd. Dersom det er fleire enn ni bahá'íar på staden, blir ni medlemmar valde ved skriftleg avstemming. Alle bahá'íar over 21 år, mann eller kvinne, har røysterett og kan bli valde inn på rådet. Bahá'íar over heile verda dannar eller vel dei lokale åndelege råda sine den 21. april, som òg blir feira som dagen då Bahá'u'lláh kunngjorde kallet sitt.

Prosessane dei lokale åndelege råd bygger på, dannar ein modell for deltaking med demokratiske avgjerder på grasrotnivå.

På det noverande tidspunktet fører lokale åndelege råd tilsyn med dei mange aktivitetane som utgjer kjernen i bahá'í samfunnet sitt liv.

Desse omfattar m.a. opplæring av born, styrking av juniorungdom, markering av heilag dagar, tilbedingsmøte, studiegrupper, sosiale aktivitetar, vigslar og gravferdsseremoniar. Mange lokale åndelege råd over heile verda støtter også utviklingsprosjekt knytte til utdanning, sosialøkonomiske tiltak og miljø.



Avgjerder på lokale åndelege råd blir fatta gjennom fleirtalsvedtak, og rådslaging blir brukt for å komme fram til desse avgjerdene. Enkeltmedlemmar på råd har ingen spesiell autoritet, status eller makt utanfor sjølve rådet. Lokale åndelege råd har òg ansvar for nittendagsfesten, som gir rådet ein sjanse til meir direkte kontakt med resten av samfunnet.

Nyvalde medlemmar av Lokalt Åndeleg Råd for Bahá'íer i Suva, Fiji Øyene, januar 1955.

## Nasjonale åndelege råd



Deltakarar ved det Nasjonale Konvent i Toronto, Canada (april 2017), samla for å velje det Nasjonale Åndelege Rådet for Bahá'íar i Canada.

Eit nasjonalt åndeleg råd leier og koordinerer bahá'í-aktivitetar innan eit bestemt land, på same måte som eit lokalt åndeleg råd leier og koordinerer i lokal-området. Oppgåvene deira er m.a. å godkjenne nasjonale undervisnings-

planar, å setje i verk store, sosiale og økonomiske utviklingsprosjekt nasjonalt og internasjonalt, og å ha kontakt med regjeringa i landet og samarbeide med andre religiøse grupper og ikkje-statlege organisasjonar.

På regionale årsmøte vel ein kvart år delegatar som skal delta på eit nasjonalt årsmøte, og desse delegatane vel ni bahá'íar frå heile landet til å tene på det nasjonale rådet i det komande året. Alle vaksne bahá'íar kan stemme og rådslå om viktige saker under dei regionale årsmøta. På denne måten opprettheld ein nær kontakt mellom individa og det nasjonale styringsorganet.

Nasjonale åndelege råd samarbeider med rådgivarar. Både råda og rådgivarane blir leia av det styrande organet i bahá'í-trua, Det Universelle Rettferdighetens Hus.

### Rådgjevarar

Rådgjevarar er framståande personar som blir utnemnte av, og fungerer under Det Universelle Rettferdighetens Hus. Dei stimulerer, oppmuntrar og gir råd til einskild-bahá'íar og valde institusjonar. Slik spelar dei ei viktig rolle i å støtte samfunnsplanar, fremje læring, støtte individuelt initiativ og oppmuntre til individuell fridom og mangfald når det gjeld å uttrykke seg, samstundes som dei beskyttar trua mot splitting. Rådgjevarar blir utnemnte for ein periode på fem år og tenestegjer anten i ein av fem kontinentale nemnder (Afrika, Amerika, Asia, Australia eller Europa), eller ved Det internasjonale undervisningssenteret i Haifa, Israel. Dei som er valde til eit råd eller er utnemnde som rådgivarar til bahá'í-institusjonane, arbeider med få unntak, heilt utan løn.



## Det Universelle Rettferdighetens Hus

Den høgste myndigheita i bahá'í-verda er Det Universelle Rettferdighetens Hus. Oppgåva til Huset er å sikre einskapen i bahá'í-verda og å leie utviklinga av samfunnet. Dei nasjonale åndelege råda er underlagte Huset.

Det Universelle Rettferdighetens Hus utarbeider planar og set opp mål for heile bahá'í-verda, og dei nasjonale råda set desse planane ut i livet.

Det Universelle Rettferdighetens Hus gir rettleiing i både store og små spørsmål og avgjerdene deira er inspirerte av Gud.



Eit medlem av eit nasjonalt åndeleg råd legg stemmesetelen sin i urna ved valet av ni medlemmar til Det Universelle Rettferdighetens Hus, ved det ellefte Internasjonale Konventet i Haifa, april 2013.

Bahá'u'lláh seier:

*«Det påhviler tillitsmennene i Rettferdighetens Hus å rådslå sammen om de ting som i det ytre ikke er åpenbart i Boken, og å gjennomføre det som behager dem. Gud vil sannelig inspirere dem med hva han enn ønsker, og han er sannelig forsørgeren, den allvitende.»*

Det Universelle Rettferdighetens Hus består av ni medlemmar som blir valde kvart femte år av medlemmane på dei nasjonale åndelege råda. Valprosessen er omtrent den same som for lokale og nasjonale råd.

Delegatar til det første internasjonale bahá'í-valeti Haifa, framfor Arkivbygningen, mai 1963.

Den 21. april 1963 blei «Det Universelle Rettferdighetens Hus» valt for første gong i Haifa, Israel. Sidan då har det vore det sentrale styringsorganet i bahá'í-verda.





Bygningane til Bahá'í Verds-senter på Karmel-fjellet i Haifa er utforma i klassisk stil og er plassert i en halvboge, fint avpassa i terrenget.

## 6. Bahá'í-kalender og bahá'í-heilag dagar

Det finst fleire forskjellige kalendrar i verda. Bahá'íar over heile verda brukar eit nytt kalendersystem som blei laga av Báb. Byrjinga for denne kalenderen er 1844, det året Báb erklærte seg som Guds profet. Den nye kalenderen er delt i nitten månader med nitten dagar i kvar. I tillegg er det 4–5 innskotne dagar, ein periode som blir kalla *ayyám-i-há*. Det er fire dagar i vanlege år og fem i skotår. Dei innskotne dagane er ei tid for gjestfridom, gjevtilde og førebuing til fasta. Slik er kalenderen tilpassa solåret, som er 365 eller 366 dagar. Ny dag byrjar ved solnedgang, eller kl. 18 kvelden før. Nyttår begynner med vårjamdøgn 20. eller 21. mars, – når dag og natt er like lange over heile kloden. Det nøyaktige tidspunktet for starten av nytt år, gjer at startpunktet for månadene varierer med ein dag.

Månadene og vekedagane i kalenderen har fått namn etter Guds eigenskapar, slik som «myndighet», «kunnskap», «vilje», «fullkommenhet» og «skjønnhet».

Den siste månaden, *Alá* (Opphøyethet), har 19 dagar med faste, og er ein periode bahá'íar avstår frå mat og drikke frå soloppgang til solnedgang.

## Bahá'í-heilagdagar

Bahá'íane har ni heilagdagar i året. På desse dagane er bahá'íane oppmoda til å ta fri frå arbeid og skule. Heilagdagane blir markerte med samkomer der det er åndelege og sosiale aktivitetar for alle.

Bahá'í-heilagdagene er:

**Naw-rúz/Nyttårsdag:** Nyttårsdagen til bahá'íane er 20./21. mars. Han er kalla Naw-rúz og er og det gamle persiske nyåret. Nawrúz er eit persisk ord som tyder *ny dag*. Dette er og dagen då fasteperioden for bahá'íane blir avslutta og feira.

**Ridvándagane – 21. april, 29. april og 2. mai:** Bahá'u'lláh oppheldt seg i Ridvánhagen utanfor Bagdad i tolv dagar før han blei forvist vidare til Konstantinopel (noverande Istanbul) i Tyrkia. I denne perioden erklærte Bahá'u'lláh seg som Guds profet. På den første, niande og tolvte av desse dagane blir bahá'íane oppfordra til å ta fri. Dagane blir ofte markerte med ulike fellesaktivitetar inne og ute.

**Bàbs erklæring – 23. mai:** Dette er dagen då Báb openberra kallet sitt for den første disippelen sin, i 1844.

Andre heilagdagar: **Bortgangen til Bahá'u'lláh, martyrdauden til Báb, fødselsdagen til Báb og fødselsdagen til Bahá'u'lláh.**

## 7. Bahá'í heilage stader og tempel

### Bahá'í heilage stader

Heilagstadane til bahá'íane ligg i Haifa og Akka i Israel. Det er fordi Bahá'u'lláh blei landsforvist dit og enda livet sitt i Akka i 1892.

Verdssenteret til Bahá'í-trua ligg på Karmelfjellet i Haifa, og blir rekna som sentrum for ho.

Bahá'u'lláh sitt gravmæle ligg i Bahjí, i nærleiken av Haifa. Det er den mest heilage staden for bahá'íane i verda.

Bahá'u'lláhs sitt gravmæle i Bahjí, i nærleiken av Haifa.



Báb sitt gravmæle på Karmelfjellet i Haifa. Dette er den nest heilagaste staden for bahá'íar og er besøkt av tusenvis av menneske kvart år. Staden er blitt eit berømt turistmål. Nitten særst vakre terrassar omkransar gravmælet.



Báb sitt gravmæle ligg på Karmelfjellet i Haifa, og er ein heilag stad for bahá'íane. Her ligg og Det Universelle Rettferdighetens Hus, bahá'í-trua sitt øvste organ.

Setet til Det Universelle Rettferdighetens Hus, det øvste organet i bahá'í-trua, ligg på Karmelfjellet, omgitt av vakre hagar og bygningar i klassisk arkitektur.



## Bahá'í-tempel

Bahá'u'lláh har sagt at det bør reisast gudshus (tempel) i kvart område, slik at folk kan møtast og tilbe Gud saman, uansett kva for religion dei har. Det er ingen prestar eller nokon person med spesiell autoritet i bahá'í-trua. Ingen held preiker eller leiar noka form for seremoni eller ritual. Dersom det er ei spesiell samling eller markering av ein heilagdag, blir programmet for tekstlesing førebudd av ein komité og gjennomført av personar som blir spurde om dei ønskjer å gjere dette.

Tempelet har ni sider med ni dører. Talet ni er eit symbol på einskap. Bygninga har ikkje nokon bakside. Dette er symbolsk, og betyr at dørene skal vere opne for alle menneske.

Gudshusa er omgjevne av vakre hagar og bygningar, som er stader for undervisning og sosiale og velgjerande føremål. Slik kan ein knytte tilbeding av Gud til venleiken i naturen og praktisk teneste for menneska. For tida finst det ti bahá'í-tempel i alle verdsdelar, og fem nye er på veg; i Kenya, Papua Ny Guinea, Vanuatu, Kongo og India.


Nedanfor er eksempel på nokre av templa.



Lotustempelet i  
New Delhi, India



Tempelet i Willmette  
Chicago, USA



Tempelet i  
Kampala, Uganda



Tempelet i  
Battambang, Cambodia

## 8. Bahá'í-trua si historie i Noreg

Bahá'í-trua blei antakeleg omtalt for første gong i Noreg i 1913 av unitarpresten<sup>[1]</sup> Kristofer Janson, i et foredrag på Eidsvoll. Han var blitt kjent med bahá'í-trua under eit opphald i USA i åra 1881–1893. Han skriv og om trua i boka si, «Livserindringer».

Den første norske bahá'ien var Johanna Schubarth (1877–1952). Ho studerte sjukepleie i USA og fekk høyre om trua av ein pasient i Urbana, Illinois. Etter at ho hadde studert læra i seks månader, erklærte ho seg som bahá'í i 1919. Ho kom attende til Noreg i 1927 for å utbreie trua blant landsmennene sine. Johanna Schubarth busette seg i Oslo der ho begynte å omsette bahá'í-bøker til norsk.

Etter den andre verdskrigen kom det fleire amerikanske «bahá'í-pionerar» til Noreg for å hjelpe til med utviklinga av bahá'í-samfunnet. Utviklinga gjekk fort, og i 1948 kunne ein velje Lokalt Åndelig Råd for Bahá'ier i Oslo for første gang. I 1955 fekk Bergen sitt lokale åndelege råd, og både i Stavanger og Hetland<sup>[2]</sup> blei det danna råd i 1960.

I 1962 valde ein for første gong Nasjonalt Åndelig Råd for Bahá'iar i Noreg. Dermed var dei viktigaste brikkene i trua sin administrasjon på plass. Det nasjonale bahá'í-senteret i Noreg i dag (2021) ligg i Hamang Terrasse 63, 1336 Sandvika.

Ei rekkje bahá'í-skrifter er blitt omsette og utgjeve på norsk. Det omfamnar alt frå introduksjonsbøker, heilage skrifter av grunnleggarane, bønebøker, barnebøker, studiesirkelmateriale, brosjyrar til mykje anna. Materiale på andre språk blir og seld, særleg på persisk og engelsk.

I 1971 blei bahá'í-samfunnet registrert som eit sjølvstendig trussamfunn i Noreg, og året etter fekk samfunnet vigslerett.

I 1979 var det ein islamsk revolusjon i Iran. Det førte til at forfølginga av bahá'iane i Iran blei versna, og mange av dei flykta til vestlege land, inkludert Noreg. Omtrent halvparten av bahá'iane i Noreg har opphavet sitt i Iran.

<sup>1</sup> Unitarprest: ein prest i eit frikyrkjeleg, amerikansk trussamfunn

<sup>2</sup> Hetland er no ein del av Stavanger kommune

Oppgåva med å spreie kjennskap til bahá'í-trua har alltid stått sentralt, og i 1972 kom det første TV-programmet om trua på NRK. Etter kvart som samfunnet vaks, har engasjement i sosiale samfunnsaktivitetar auka. Bahá'í-samfunnet tok aktivt del i FN's fredsår 1986, og engasjerte seg i miljøspørsmål i åra etterpå. Bahá'í-samfunnet har i ei årrekke hatt utviklingsprogram i India, delfinansiert av NORAD. Arbeidet med menneskerettar for å beskytte bahá'iane i Iran har òg vore høgt prioritert.

I den seinare tida har internett blitt ei viktig kjelde til informasjon om trua.

Bahá'í-samfunnet i Noreg har ei eiga nettside, [www.bahai.no](http://www.bahai.no), og fleire lokale råd har eigne sider.

I tillegg har det globale bahá'í-samfunnet nettsida: [www.bahai.org](http://www.bahai.org)

Etter kvart er barneklassar og ungdomsaktivitetar blitt viktige, og eit spesielt juniorungdomsprogram er utvikla der samfunnsteneste er vektlagt.

På slutten av 90-tallet starta ein ny fase, kalla «instituttprosessen». Det er ein systematisk læringsprosess med fokus på åndeleg og sosial utvikling av individ, og på å bygge eit betre samfunn. Dette gjer ein ved hjelp av studiesirklar, tilbedingsmøte, barneklassar og juniorungdomsgrupper.

Delegatar ved  
Nasjonalt Årsmøte for  
Bahá'í-samfunnet i  
Noreg, 2019



Det norske bahá'í-samfunnet er ein del av det globale bahá'í-samfunnet. Dei fleste oppgåvene blir gitt av Bahá'í verdssenter i Haifa, til dømes undervisningsopplegg for studiesirkklar, som blir leia av Det Internasjonale Undervisningssenteret. Norske bahá'íar deltek òg aktivt i bahá'í-arrangement rundt om i verda, og mange reiser på pilgrimsreise til Haifa i Israel. Det norske samfunnet bidrar økonomisk til verdssenteret og ein del andre nasjonale bahá'í-samfunn i verda.

## 9. Bahá'í-statistikk

På verdsbasis finst det omlag fem millionar bahá'íar. Religionen er spreidd over heile verda, – dei fleste bur i Asia. I Noreg er bahá'í eit registrert trussamfunn med omlag 1 200 medlemmar (Store Norske Leksikon, 2018). Tabellen under gjer eit bilde på utviklinga:

	1928	1952	1968	1986	2001
Nasjonale åndelege råd	7	11	81	148	182
Lokale åndelege råd	102	606	6 840	18 232	11 740
Land der bahá'í-trua er etablert	36	Ca. 118	135	173	190
Stader der det bur bahá'íar	573	Ca. 2 340	31 572	115 511	127 381
Stammar og etniske grupper		Ca. 42	1 118	2 112	2 112
Språk med bahá'í-litteratur		89	417	802	802
Bahá'í-tempel	1	0	4	7	7



## For vidare informasjon

### Nettressursar

- Det norske bahá'í-samfunnet: [www.bahai.no](http://www.bahai.no)
- Det globale bahá'í-samfunnet: [www.bahai.org](http://www.bahai.org)

Her finst materiale på engelsk og andre store språk. Alle skriftene i trua er tilgjengelege i eit bibliotek, ei nyheitsteneste om kva som skjer i bahá'í-verda, informasjon og linkar til mange nasjonale samfunn.

### Skriftleg litteratur

Det finst eit stort tal bøker om bahá'í-tema allereie. Berre ein mindre del av desse er tilgjengelege på norsk. Her er eit lite utval av dei som eignar seg å starte med for å bli meir kjent med trua.

- **Sivilisasjonens Fornyelse** av David Hofman er ei kortfatta introduksjonsbok med fokus på dei sosiale læresetningane i trua.
- **Noen besvarte spørsmål** av 'Abdu'l-Bahá. Ulike åndelege tema blir belyste.
- **De skjulte ord** av Bahá'u'lláh. Visdomsord frå Bahá'u'lláh om åndelege og etiske tema.
- **Bahá'u'lláh og den nye tid** av John Esselmont. Ein omfattande introduksjon av bahá'í-trua.
- **Bahá'íene**, eit magasin i A4-format som har mykje informasjon om ymse sider av bahá'í-trua.
- **'Abdu'l-Bahás visdom** er ei bok av 'Abdu'l-Bahá. Det er ei samling av dei inspirerande og oppløftande talene hans, som for det meste blei haldne uformelt og for små forsamlingar frå besøka hans i Paris og London i 1912 og 1913.
- **Bahá'í-troens skrifter** er ei svært omfattande skriftsamling med kommentarar, utgitt av Bokklubben.
- **Frihetens Portaler** av Howard Colby Ives er ei gripande skildring av møtet hans med 'Abdu'l-Bahá, og korleis dette endra han.
- **Bahá'í-troen – Innføring i en verdensreligion** av Gloria Faizi.

## Nokre filmar og nettstader

- **Light to the World** [www.bahai.org/light-to-the-world/](http://www.bahai.org/light-to-the-world/). Her kan ein velgje mellom ni forskjellige språk. Den norske versjonen (*Lys til verden*) finst på: [www.bahai.no/200-arsmarkeringen-collection/lys-til-verden](http://www.bahai.no/200-arsmarkeringen-collection/lys-til-verden)
- **Dawn of the Light**. Her kan ein velgje mellom ti ulike språk. [www.bahai.org/dawn-of-the-light/](http://www.bahai.org/dawn-of-the-light/).  
Norsk versjon: *Lysset demrer*. Linken finst på [bahai.no](http://bahai.no)

## Kontaktadresse

Hamang Terrasse 63  
1336 Sandvika

E-postadresse: [nsanor@bahai.no](mailto:nsanor@bahai.no)

Nettside: [www.bahai.no](http://www.bahai.no)

Bøker, brosjyrar og anna materiale kan bestillast frå Bahá'í Forlag:  
[forlag@bahai.no](mailto:forlag@bahai.no) / [bahaiforlag.no](http://bahaiforlag.no)

## Sitat frå bahá'í-skriftene

*«Du skal vite at i enhver tidsalder, enhver religionsepoke, blir alle guddommelige bestemmelser forandret og omformet i overensstemmelse med tidens behov, – alle unntatt kjærlighetens lov, som er som en evig flytende kilde som aldri underkastes forandring.»*

*«Menneskehetens velferd, dens fred og sikkerhet er uoppnåelig før dens enhet er fast etablert.»*

*«Omgås tilhengere av alle religioner i en ånd av vennlighet og kameratskap.»*

*«Jorden er kun ett land og menneskeheten dets innbyggere.»*



*«Han som er deres Herre, den overmåte barmhjertige, nærer i sitt hjerte et ønske om å se hele den menneskelige rase som én sjel og ett legeme...»*

*«O dere menneskebarn! Det grunnleggende formål som besjeler Guds tro og hans religion, er å trygge menneskeslektens interesser og fremme dens enhet og å nære kjærlighetens og kameratskapets ånd blant menneskene ... Hva som enn blir oppført på denne grunnvoll, kan verdens omskiftelser og tilfeldigheter aldri svekke, ei heller vil utallige århundrers gang underminere dets bygning.»*

— Bahá'u'lláh



Deltakrar frå heile verda vandrar opp Karmelfjellet under opninga av Terrassane til Báb sitt gravmæle, 23. mai 2001

*«Verdensfred er ikke bare mulig, men uunngåelig. Den utgjør neste stadium i denne planetens utvikling»*

Den store freden som velvillig innstilte menneske i tallause hundreår har vore tiltrukne av, som sjáarar og diktarar i tallause slektledd har skildra sin visjon av, som menneskeslekta sine heilage skrifter frá tidsalder til tidsalder stadig har gitt løfte om – denne freden er no omsider innan rekkevidde for nasjonane.

**Bahá'í**  
**FORLAG**